

# Kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Gloppe nr. 5 oktober 2024 Årgang 54

UTDELING AV  
4-ÅRSBOK

*Ingebjørg Isane Fure*  
**GJESTFRIDOM  
OG DIAKONI**

*Minneord*  
**KÅRE VEREIDE**

*Glimt frå konfirmant-  
leir på Nesholmen*

**GLOPPENSAFARI  
I REGI KFUM-KFUK**

Utgjeve av sokneråda i Breim, Gloppen og Hyen. Kjem ut minst 6 gongar i året på Sandane. Betaling etter ønske.

Bankkonto: 3710.15.85388

VIPPS: 554210

**Redaksjon**

Tore Myklebust

456 01 260

tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no

Vidar Bjotveit

958 80 030

vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no

Anders Rinde

99720238

anders.rinde@gmail.com

Marianne Bakketun Fjellestad

402 80 027

mbf@gloppen.kyrkja.no

Harald Aske, Gloppen sokn

970 24 915

harald.aske@enivest.net

Geir Liavåg Strand, Gloppen sokn  
95191753

geir.liavag.strand@gmail.com

Inger Johanne Hafstad Gjengedal  
Hyen sokn, 99169019

injohag@online.no

**Distribusjonsansvarleg**

Harald Aske

970 24 915

harald.aske@enivest.net

**Korrektur**

Rønnaug Ryssdal

950 72 392

ryssd@online.no

**Grafisk design**

Innholdspartner AS ved Bjørnar Aske

901 37 252

bjornar.aske@innholdspartner.no

**Trykk**

Printfarm, Øvre Årdal

**Framsidefoto**

Oddvar Almenning og Anders Rinde på guds-  
teneste på Nesholmen. Foto av Kurt Djupvik

**Stofffrist neste utgåve**

Frist for innlevering til nr. 6 er 8. november

5/24



Bli med på Gloppensafari  
i regi KFUM-KFUM side 8.

Foto: Kurt Djupvik

# INNHOLD

## FOR TANKE OG TRU

- 04 Andakt ved Eivind Nilsen
- 24 Kvardagsmesse med bruksanvisning
- 27 Så enkelt er det - eit brev heim frå ein dødsdømt fange
- 32 Min salme ved Narve Eimhjellen
- 33 Spaltisten ved Steinar Saltbones

## DETTE VAR VI MED PÅ

- 05 Gjestfridom og diakoni
- 08 Gloppensafari med KFUK-KFUM
- 22 Utdeling av 4-årsbok og kickoff

## LITT AV KVART

- 14 Minneord om Kåre Vereide
- 16 NMS-basar på Nordfjordeid
- 18 Glimt frå konfirmantleir på Nesholmen
- 26 Bibelstativ i Vereide kyrkje
- 28 Frå minneboka - helsing frå kyrkjekretæren
- 30 Konsertomtalar

## TRIVELEG TIDTRØYTE

- 17 Friske fråspark
- 20 Barnesider

## Vil du støtte kyrkjebladet?

Bladpengar kan betalast til kontonummer

3710 15 85388. Du kan også betale via Vipps

til 554210. Hjarteleg takk!

Hausten er ei fin tid på mange vis. Ikkje minst i naturen med far gespekeret som er endå breiare og vakrare enn om våren. Samtidig minner gulna lauv meg og mange andre om at livet er forgjengeleg. Stadig må vi ta farvel med nokon av våre. Nokre fekk eit langt liv, andre kortare. Når vi tek farvel, er det alltid i sorg over det som ikkje lenger er, men og med takk for alt det han eller ho som no er død, betydde for oss. Ein av dei vi har teke farvel med nyleg er Kåre Vereide. Glimt frå hans liv får vi i dette bladet. Ein av tinga Kåre brann for var Nesholmen. Saman med Oddlaug la han der ned ein stor innsats gjennom mange år og gledde seg over alt det som har skjedd og ønskte at staden må bli til velsigning for nye generasjonar.

Ein viktig del av konfirmantopplegget er leiren på Nesholmen siste helga i september. I bladet kan du sjå glimt får 2025-konfirmantane sin konfirmantleir. Der hadde dei eit fint døgn og fekk høyre mykje om Jesus.

Hausten er tida for innhausting, både konkret når vi haustar inn frukt og grønt frå naturen, og i overført tyding. Slik er hausten ei arbeidstid på mange vis. For mange er det starten på ein ny epoke. Nokre har begynt på ungdomsskule, andre på vidaregåande eller har flytta vekk for å studere vidare. Og nokre har begynt i første klasse. I Breim hadde vi eit nytt opplegg for 6-åringane. «Heilt førsteklasse» i samband med at dei fekk 6-års-boka si. I bladet kan du sjå bilde både av det og samlingar for 4-åringane.

I kyrkja startar mange av aktivitetane opp att etter sommarferien. Det vart og markert på ei gudsteneste. I bladet er det som vanleg informasjon om det som er planlagt for små og store, unge og gamle i sokna våre utover hausten. Så handlar alle aktivitetane i kyrkja i Gloppen om å bygge Guds rike i denne verda og gjere det vi kan for å skape ei best mogleg verd å leve i, ved å gjere slik Jesus gjorde då han gjekk rundt og møtte menneske andlet til andlet.

Med blikket festa på det som skal kome, det evig Guds rike, kan vi uansett gå framtida trygt i møte. Jesus har sett eit mål for liva våre med ei framtid som ikkje skal ta slutt. Hausten varslar at vi går mot vinter. Som det alltid har vore, er det skyer over framtidshorisonten.

Uavhengig av verdens gang blir vi alle innhenta av livets forgjengelegdom. Men når alt håp er ute, har vi likevel håp i Jesus Kristus, vår frelsar. «Mens verdens riker stiger og de synker, går kirken mot fullkommenhetens vår.»



TORE MYKLEBUST



# Verden opp ned

Det er tirsdag kveld, og ungene er høyt oppe etter barnegospelving. Alle tre øver på å stå på hodet i sofaen, faller og ler. Kveldsmat er omrent det minst viktige akkurat nå. Sjøl prøver jeg å være opp ned av og til jeg og, enten det er på trampolinen eller i turnringene til ungene. Ting ser helt annerledes ut opp ned.

Disiplene diskuterer i Matteus 18 om hvem som er størst i Guds rike. Da snur Jesus ting opp ned og kaller til seg et lite barn. Størst i Guds rike er barna. I vårt samfunn har barna en selvsagt og viktig plass, i Jesu samtid var de først og fremst ufullstendige voksne. Det gjør det enda mer bakvendt, radikalt, opp ned.

Sist søndag var vi 200 store og små samla i Sandane kyrkje til utdeling av 4-årsbok og kick-off for barne- og ungdomsarbeidet i kirka. For en fantastisk gudstjeneste! Ulike folk og ulike

generasjoner sammen, i et fellesskap. Sammen rundt historien om han som forlater de 99 for å finne den ene. Også det ganske opp ned. Sammen om å lete i kirkerommet, «hvor er den siste sauens, pappa?». Sammen rundt kaffikopp og kakestykke og radiostyrte biler.

I kirka håper jeg ting kan være nettopp opp ned i forhold til ellers. Et fellesskap, ikke bare meg meg meg. Ikke hva jeg får til, men hva Jesus har gjort for meg. Ikke om å gjøre å strekke seg opp, men bøye seg ned. Ikke først og fremst klokskap og kunnskap, men tillit og tro. Ikke en Gud høyt opp, men en såret og tilstedeværende Gud.

*«Sannelig, jeg sier dere: Uten at dere vender om og blir som barn, kommer dere ikke inn i himmelriket. Den som gjør seg selv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket. Og den som tar imot et slikt lite barn i mitt navn, tar imot meg.»*



Fra v. Asbjørn Gjengedal, Marta Gjengedal, Ingrid Aske, Sigrid Ommedal, Gerd Aa, Heidi Djupvik Råd, Anne Karen Ravnestad, Asgjerd Bergheim, Tore Myklebust.

# Gjestfridom og diakoni

TEKST: INGEBJØRG ISANE FURE

FOTO: HARALD ASKE

I september var det ei samling i Busperrstova for diakoninemnder, diakonikontaktar i sokneråda, og frivillige ved samlingar på Omsorgssenteret og bufellesskapa i heile Gloppen. Der vart servert herleg pizza og godt drikke, og diakon Ingebjørg Isane Fure hadde ei avslutning som redaksjonen ønskte å få med i Kyrkjebladet.

Å bli vist gjestfridom kan bety mykje for eit menneske. Vi har gjerne erfaringar av både det fine ved å vere den som inviterer rauast, og å bli møtt med gjestfridom (eit konkret døme vart nemnt i innlegget).

«The hospitality of God», eller på norsk: «Guds gjestfridom» er tittelen på ein bilkommentar for Lukas-evangeliet. Lukas var den av evangelistane som særleg hadde blikk for dei utstøyte i samfunnet,

dei som var rekna som meir eller mindre verdilause, som til dømes dei som vart kalla ureine og syndrar.

Forfattaren, Brendan Byrne, skriv at Lukas har gjestfridom som ei ramme for



Asgjerd Bergheim, Margret Aa Djupvik, Tordis Sande, Alvhild A. Holme, Olaug B. Gjengedal.



Kjell Otto Solheim, Kjell Lindvik, Astrid Søreide, Eli Kjær, Harald Kjær.

heile evangeliet. Jesus, Messias, gjestar Guds utvalde folk. Fleire tek raust imot han, som Sakkeus, Marta, Maria og fleire. Desse som tek imot han, får erfare at Jesus er ikkje berre ein gjest. Han er sjølv ein vert i ein langt større dimensjon: Han representerer Guds gjestfridom, der menneska kan få del i Guds frelse og får finne sin heim i Gud. Sakkeus fekk erfare Jesu gjestfridom på ein slik måte at det endra livet hans. Han ville gjere opp for urett han hadde gjort som overtollar. Og han ville gje halvparten av det han eigde til dei fattige. Sakkeus vart sjølv ein representant for Guds rause omsorg.

Den heimen som Jesus inviterte til, var

Gudsriket. Han får fram den uendelege gjestfridomen i likninga om det store gjestebodet. Når dei første som var inviterte hadde ulike unnskyldningar, så bad herren tenaren gå ut på gatene for å invitere dei fattige, uføre, lamme og blinde. Dei hadde ikkje gjort noko for å fortene det, men dei vart medrekna til det store gjestebodet, for husverten ville så gjerne få vise gjestfridom. Det var rom for alle som ville kome.

Jesus viste også ofte gjestfridomen til Gudsriket gjennom alle velgjerningane mot sjuke som vart friske, og fleire marginaliserte som han gav verdi og som vart medrekna.

Han viste i praksis kva omsorg og kjærleik er ved å bry seg om heile menneskeli-  
vet, ikkje berre det åndelege. Jesus hadde  
inderleg medkjensle med folk. Han møtte  
folk i deira fysiske og sjelelege behov, og  
reagerte på sosial urett.

Kjell Nordstokke, dr.theol. og professor i diakoni, besøkte oss på inspirasjons-  
samling på Eid i 2023. Han har skrive bok  
om det bibelske grunnlaget for diakoni  
(2021), og tek opp noko av det same te-  
maet:

Nordstokke skriv at Guds rike er som  
eit gjestfritt rom, der nedbøygde blir sett  
og reiste opp. Som eit døme nemner han  
den krokrygga kvinnen med «sjukdoms-



Ingebjørg Isane Fure leia samlinga og hadde tankar å dele om det diakonale arbeidet.

ånd» i 18 år som vart lækt (Lukas 13).

Eit anna omgrep Nordstokke brukar, er Guds gjestevennskap, som ei skildring av Jesu kome til verda. Jesus var sjølv gjest, og samstundes var han den som tek imot folk; han metta svære folkemengder, tok imot dei små barna og velsigna dei, og han dekka bord for lærersveinane den siste kvelden før krossfestinga. Samtidig som Jesus er den opphøgde Guds son, så er han også venen som kjem nær, noko som opnar rom for fortrulegheit og tilhørslle, nemner Nordstokke.

Denne gjestfridomen som Jesus viste på mange måtar, bad han etterfølgjara ne om å gje vidare ved å vise kjærleik og rausheit mot alle.

Eit sitat frå Nordstokke (2021, s. 27):  
Diakonien har som oppgave å bringe håpsteign inn i en hverdag hvor mennesker opplever smerte og håpløshet, tegn som foregriper og bringer nær det Guds rike gir løfte om. For kristne har dette håpet sin grunn i Guds kjærleik, med blikk for det tilsynelatende ubetydeliges verdi og potensial.

Når de bakar ei kake til ei samling, trillar ein person i rullestol på plass, slår av ein prat med nokon som sit åleine, lyttar til ein som treng det, spelar til songar, og så vidare, då får de også vise glimt av Guds gjestfridom. Eg ser igjen og igjen når vi er i lag på samlingar at de er gode på å verkeleg bry dykk om dei vi møter. Eit ekte smil, eit venleg ord, øyre som lyttar. Eller bordet som var så pent pynta, og rikeleg med god heimelaga mat. Alt dette og mykje meir er med på å bringe Guds kjærleik til menneska. Det er ikkje alltid vi veit der og då kva det betyr, og det er ikkje alltid vi tenkjer så store tankar om det vi gjer, men som det står i ein salme – «der barmhjertighet og kjærighet bor, der er også Gud» (NOS 2013 nr. 680).

Det er viktig å presisere at diakonien har eigenverdi, og er ikkje eit middel for å oppnå noko anna. Nestekjærleiken blir ikkje utøvd for å gje eit ønska resultat eller svar. Å vise kjærleik og gjestfridom er eit mål i seg sjølv, uavhengig av responsen til medmenneska. For alle menneske er skapte i Guds bilete, alle er verdt å bli viste kjærleik.

## HJARTELEG TAKK

for minnegåve til Kyrkjebladet ved Brita Åshild Devik sin bortgang.

– Kyrkjebladet –



Trivsel i «regnskogen». Foto: Kurt Djupvik



Olaf Sigurd Gundersen. Foto: Kurt Djupvik



# «Himmelens sluser» blei opna

ASBJØRN GJENGEDAL

Vaksenutvalet i Sogn og Fjordane KFUK-KFUM la opp til «Gloppen-safari» siste laurdagen i august. Det skulle bli ein fin omtur til Nesholm-dagen 25. august. Dei såg nok for seg ein strålande solskinsdag over vakre Gloppen. Men vi som let oss lokke med, fekk oppleve «himmelens sluser» over denne helga. Regnet fossa ned

frå morgen til kveld. Vi møttest i Trivsels-skogen, som då var «regnskogen». Men det blei trivsel i skogen! Det blei gjen-synsglede mellom kjende, og inkluderande fellesskap for alle dei om lag førti som kom under tak på TIN-campen. Dei spre-kaste tok oppturen langs Holvikfossen, som viste seg på det sterkeste.

**GUNDERSEN I GAMLE GIMMESTAD**  
På kort varsel stilte Olaf Sigurd Gundersen opp i Gamlekyrkja og delte interessant kunnskap om denne særmerkte bygningen. Han visste også å fortelje mykje om alt som har funne stad i og omkring kyrkja sidan ho blei reist i 1692. Mellom anna fortalte han kor sterkt det frilynde



Gamle Gimlestads kyrkje. Foto: Kurt Djupvik

ungdomslaget engasjerte seg for ny kyrkje då tida var mogen for det. Han skjønna nok at dette fall i god jord hos folk frå «Ungdomsforbundet» (KFUK-KFUM). Det var ikkje ein vanleg flokk med turistar som sat i dei tronge benkane. Utan varsel stemte han i «Skriv deg, Jesus, på mitt hjerte», og flokken blei med i salmen og Fadervår. Slik fekk vi ein god opningsandakt på vegen til Hyen.

## KVANTESPRANG TIL Å

Kvantesprang er visst eit omgrep i fysikken, om brå og stor overgang frå eit elektron til stadig meir kompliserte molekul. I overført tyding seier det at noko lite og enkelt brått går over til noko stort og mangfaldig. For oss på «Gloppen-safari» blei overgangen frå gamlekyrkja til settefiskanlegget på Å eit «kvantesprang».



Kurt Djupvik orienterer om oppdrett av settefisk.

Når vi nærmar oss Å, legg vi knapt merke til den lange bygningen i sjøkanten. Men no fekk vi sjå det store, moderne anlegget

frå innsida. Anders Aa og Kurt Djupvik tok oss med og viste oss utviklinga frå det vesle egg gjennom dei ulike stadia



Arnulf Aa og Even Rønneklev viser eit stykke «sandwich» (karbonfiber), det lette og sterke materialet som båtane blir bygde av. Jakob Devik og Ingvar Byrkjeland er interesserte tilskodarar. Foto: Asbjørn Gjengedal.

til fisken blir send til oppvekstanlegga. Over ein million i kvart kull går gjennom denne prosessen. Kurt hadde mykje å fortelje om bakgrunnen for dette anlegget. Laksefisket har alltid vore viktig for brukarane på Å. Dei visste kor livsviktig det var for laksen å finne gode tilhøve for gyting. Det kunne dei hjelpe til med, og det gjorde dei. Såleis kom dei i gang med ei utvikling av stadig betre metodar, auka kunnskap, modig satsing og dugande arbeid. No kan dei glede seg over alt som har lukkast, samstundes som dei tar nye steg i utviklinga av næringa. Vi som følgde med i undervisinga, veit no mykje meir om det vi et når laksen, eller sjøauren, kjem på bordet.

### LETTE BÅTAR LØNAR SEG

Brødrene Aa Båtbyggeri ligg nær settefiskanlegget, men har ein heilt annleis produksjon; så igjen eit «kvantesprang». Tor Øyvin Aa gav oss først ein presentasjon av båtbygginga på skjerm. Eitt bilete sa særleg mykje; Brødrene Bertel og Olav Aa stod og heldt ein liten, lett robåt mellom seg. Den var laga av finar og difor

lett å bere, om det så var til eit vatn høgt oppe på fjellet. No er noko av løyndomen med suksessen til Brødrene Aa framleis at dei lagar lette båtar. Dei har utvikla eit endå lettare og sterkare materiale til bygging av raske båtar som har rom til fleire titals passasjerar. Samstundes går dei med elektrisk kraft, og er såleis i pakt med det grøne skiftet. Med produksjon av slike båtar er Brødrene Aa heilt i front på verdsplanet, og dei har vunne mange prisar for det. Etterspurnaden er stor, og bygging av nye båtar er i gang. Etter orienteringa fekk vi sjå tre båtar i kvar sine stadium i prosessen. Om nokre månader vil sikkert den fyrste av dei vise seg på ei prøverunde på Gloppefjorden. Om lag to hundre medarbeidarar har då gjort kvar sin viktige del av praktverket, – og kan vere stolte av det.

### RØMMEGRAUT PÅ ÅSTØYLEN

Stølsgjestebod var eit høgdepunkt kvar sommar i grendene før i tida. Stølsgjesteboden som Judit Aa stelte til for oss på Åstølen, blei eit varmande høgdepunkt på «Gloppen-safarien». Vi blei fordelte

på tre sel, som var godt oppvarma. Saman med sine gode hjelparar delte ho ut skåler med rømmekolle. Så kom herleg rømmegraut med spekemat. Kaffiservering følgde med. Og Judit hadde meir å by på; ho fortalte om stølsdrifta i bygda gjennom skiftande tider. Frå Å måtte dei gå i fire–fem timer for å kome til stølen. Der heldt dei til med buskapen frå slutten av juni til byrjinga av september. Omkring 1950 blei stølsdrifta lagt ned i dei fleste grender. Men brukarane på Å heldt fram. Veg blei bygt heilt fram, så no kjem mjølkebilen og hentar mjølka frå dei tolv kyrne til Judit. Heldigvis heldt ho av nok mjølk til festmaten vi fekk nyte. Kurt Djupvik var med her òg, og gav oss glimt frå livet langt inne i Gjengdalsmarka. Underleg nok fekk sola bryte igjennom då vi skulle på heimveg. Slik òg fekk vi nytt lys over stølslivet.

Fulle av inntrykk og ny kunnskap kom flokken vel fram til Nesholmen. Der tok dagleg leiar Anne Berit imot dei med god kveldsmat og oppreidde sengar. Det galdt å vere utkvild til Nesholm-dagen.



Bordet duka til gjestebod med ekte stølsmat på alle fat! Foto: Asbjørn Gjengedal



Solstreif over «safariflokken» som takkar vertinna Judit Aa med blomster etter stølsgjesteboden. Foto: Johan Magerøy.

## MEIR ENN REGN

Regnet fossa framleis ned då «safari-folket» og andre kyrkjegjengrar samla seg til gudsteneste. Etter ein kort rapport om «safarien», var vi i gang under «him-melens sluser» på ein annan måte. Med

god støtte frå Anders Rinde på piano og Oddvar Almenning på trumpet opplevde vi på ny salmesong på sitt friskaste og beste. I preika fekk Rolf Dyrhol klart fram kor stort det er å få høre heime hos vår himmelske far, endå vi berre «har gjort

det vi er skuldige til å gjera» (Luk 17,10). Fellesskapet fekk vi på ein særleg måte kjenne i nattverden. Etter gudstenes-ta samla vi oss til middag og sidan kaffi og kaker, og vi gleda oss over samvær og samtaler med mange andre som er glade

i Nesholmen. Anne Berit gjorde greie for drifta av leirstaden, både litt om leirar og andre tilskipingar dette året og tiltak for å utbetre dette store anlegget. Ho gjorde greie for faste kostnader med å halde på Nesholmen anten vi har lita eller stor

verksemd i gang. Sjølvsgart gjeld det då at mange vil bruke staden til alt han kan brukast til. Heldigvis ser vi no ei god utvikling også når det gjeld inntekter. Både denne utgreiinga og opplevinga av felleskapet styrka gode band til Nesholmen.

Vi kjende verknaden av Guds ord: «*Eg skal sanneleg opna himmelens sluser og ausa ut over dykk velsigning utan mål.*» (Malaki 3,10)



Eli Myrhol Devik og Asbjørn Gjengedal representerte styret for Nesholmen.

Foto: Kurt Djupvik



Rolf Dyrhol var talar på stemnet. Foto: Kurt Djupvik

Asbjørn Gjengedal leia gudstensta. Foto: Kurt Djupvik





Kapellet fullt av Nesholm-vener. Foto: Kurt Djupvik

God stemning i matsalen. Foto: Kurt Djupvik





# Minneord om Kåre Vereide

Heilt frå han kom til verda 13. mai 1934, spreidde Kåre glede til alle han hadde kring seg. Det var i fyrste omgang foreldra Inga og Matias Vereide og dei andre i den store syskenflokken. Gjennom oppveksten heime i Refvika blei det klart for Kåre at han ville bli til glede og gagn for sine medmenneske. Det lukkast han med livet til endes.

## KÅRE OG ODDLAUG

Kåre fekk tidleg leiaroppgåver i det kristne barne- og ungdomsarbeidet. Såleis kom han til Nesholmen leirstad i Hyen, – og derfrå til Eimhjella for å hente mjølk til borna på leir. Der møtte han Oddlaug. Siden blei det meir og meir dei to, så lenge dei fekk leve i lag. Etter to år på Nordfjord folkehøgskule på Vereide gjekk vegen til lærarskulen i Volda. Der var han elev i fire år, og ho hadde jobb på kjøkenet. Så var endeleg tida inne til å feire bryllaup. Det skjedde etter god, gammal oppskrift 1.–3. juli 1956, med meir enn to hundre gjester! Året etter kom Magni til verda og blei hovudperson i den unge familien. Og fleire gleder følgde med; Magnar i 1960 og Ingunn fem år etter. Den fyrste tida som

lærar fekk Kåre i Herøy kommune på Sunnmøre. Så høvde det med skulepost i Hyen nokre år. Men målet var nok å skape seg ein heim på Sandane. Om det skulle lukkast å få arbeid i ungdomsskulen, måtte Kåre ta meir utdanning. Så følgde halvtanna år med studium i Oslo før han hadde på plass grunnfag i kristendom og i spesialpedagogikk. På Rønningen folkehøgskule fann dei seg vel til rette som «husfolk». Her var dei i eit friskt ungdomsmiljø i Norges Kristelige Ungdomsforbund (KFUK-KFUM), slik dei kjende det frå Nesholmen.

## LEIAROPPGÅVER I KFUK-KFUM

Nesholmen var det sentrale knutepunkt for innsats i barne- og ungdomsarbeid. Der var Oddlaug og Kåre i mange år viktige og inspirerande leiarar som vertskap på leirar og andre tilskipingar. Ho hadde ansvar for kjøkkenesta, og han hjelpte til med ulike praktiske oppgåver. Begge tok del i programarbeidet. Denne innsatsen blei lagd merke til, og på eit landsmøte for Ungdomsforbundet blei familien Vereide premiert som «Årets forbundsfelie». Det blei nok ei god oppmuntring

til vidare engasjement då familien flytta til Sandane. Ten Sing-rørsla kom som ein forfriskande vind over kyrkje-Norge, og Kåre stod i brodden for å skipe Joy Sing på Sandane i 1970. Då familien flytta inn i sitt store, nye hus to år seinare, blei det straks ein samlingsplass og fristad for mange unge. Framleis galdt det å utvikle Nesholmen til ein endå betre leirstad, og saman med Oddlaug gjorde Kåre ein kjempeinnsats for å bygge den nye delen med kjøken og matsal som stod ferdig i 1975. Kåre blei vald inn i landsstyret for Ungdomsforbundet i 1979. Han fekk ei viktig rolle med å skipe til landsmøtet på Eid i 1981. I alle år sidan heldt Kåre og Oddlaug fram med innsats i denne samanhengen. Dei gav oppmuntring og støtte til yngre leiarar, og dei var i det heile gode føredøme for dei som kom etter.

## LÆRAREN

Oddlaug og Kåre hadde felles mål for livet, og dei gjorde felles innsats på mange område. Men dei var ikkje like. Oddlaug blei med god grunn synleg i samfunnet, særleg i politikken, heilt fram til Stortinget. Kåre var alltid den omtenksame

og framsynte støttespelaren som gjerne heldt seg i bakgrunnen. Hans yrkesinnsats blei lagd mindre merke til. Men det han gjorde i skulen, fortener å bli hugsa. Kåre hadde alltid ei særleg omsorg for elevar som av ulike grunnar trøng ekstra hjelp. Med tilleggsutdanninga som han fekk i Oslo, var han godt rusta til å ta til i oppgåvene som venta på Gloppen ungdomsskule. No blei han ein av dei første i Sogn og Fjordane med slik utdanning. Som spesialpedagog fekk han gjort stor nytte for seg i heile kommunen. I mange år frametter hadde han stilling som rådgjevar på ungdomsskulen, og i 1979 blei han fagrettleiar i spesialpedagogikk ved skulekontoret. Han var aktiv i Lærarlaget, og han fekk i gang vidareutdanning i spesialpedagogikk og norsk. Engasjementet for dei funksjonshemma dreiv han òg til innsats for oppretting av Nordfjordheimen med tilhøyrande skule. Pedagogisk tenestekontor (PTK) blei oppretta i 1980, og der hadde Kåre halv stilling.

## NYTT YRKE

Alt på lærarskulen var Kåre oppteken av foto-teknikk, og i 1976 etablerte han Fo-

to-Trykk. Offset-trykkeriet hans blei til stor nytte for mange, ikkje minst i ungdomsarbeidet, der han gav ut meldingsbladet «Gneisten». Kåre følgde godt med i utviklinga av data-teknikk, som også ville bli til nytte i skulen. Dei fyrste EDB-kursa i Nordfjord var det Kåre som fekk i gang. Han sluttar som lærar i ungdomsskulen og oppretta Datainstituttet i 1987. Med det tok han eit stort og modig steg inn i ei ny tid, eit steg som blei viktig også for mange som følgde med inn i data-alderen. Sonen Magnar tok ei utdanning som høvde godt inn i denne satsinga, og i 1990 gjekk han inn i data-bedrifta. Breiband var i utvikling, og servereneste i nett blei prøvd ut og sett i verk, med bygging av fibernett, som blei til Sandane Næringshage. Fidanett blei etablert i 2004. Ved sida av denne tenesta hadde Datainstituttet verkstad og sal av maskiner og program. Kåre hadde heile vegen ei viktig rolle i denne spennande utviklinga. Han hadde klar innsikt og forståing av det som var i gang, og han visste å ha god styring på økonomien i dei ulike prosjekta. Arbeidet på Datainstituttet heldt fram med rekneskap og formalia heilt fram til 2021.

## KYRKJEFOLK

Kåre og Oddlaug stod også i teneste for Kyrkja på andre måtar enn i ungdomsarbeidet. Ho var i mange år kyrkjelydssekretær og klokkar. I ein kort periode vikarierte Kåre som organist i Vereidskyrkja. Oddlaug gjekk i brodden for den årlege marknaden til Arbeidskyrkja i samband med Sandane-dagane, og Kåre hjelpte til. Dei såg at det var trøng for eit gravferdsbyrå i Gloppen, og dei tykte det var naturlig å knyte det til kyrkja. Som tenkt, så gjort også med dette, og i fleire år var dei såleis til god hjelp når nokon var i sorg. Kåre var òg med i arbeidet då gravplassen på Vereide blei utvida. Så kom dagen då Kåre fekk si store sorg. 13. august 2021 måtte han følge si kjære Oddlaug til grava. Saknet etter henne prega Kåre resten av livet. Men rett som det var, glimta gleda fram, – som siste gongen vi såg kvarandre på Omsorgssenteret. Gjensynsgleda stråla i ansiktet. I den gleda lever håpet.

Asbjørn Gjengedal



Forfall skal endrast til fornying av Mangarano – til hjelp for psykisk lidande.

# NMS-basar på Nordfjordeid Årane ut igjen

AV ASBJØRN GJENGEDAL

Det Norske Misjonsselskap (NMS) held basar i Betania, Nordfjordeid 2. november. Slik held vi i gang straumen av gåver til det mangfoldige arbeidet NMS driv i mange land. Det gjeld først og fremst å gjøre Kristus kjend for nye menneske. Den innsatsen gjev store ringverknader. Såleis har det vakse fram nye livskraftige kyrkjessamfunn i andre delar av verda. Der er no mange gode medarbeidarar som ber evangeliet vidare ut. Store og raske forandringar pregar vår tid, både heime

og ute. Det skaper mange utfordringar også for NMS. «Dei fattige har de alltid hos dykk», sa Jesus. Det gjeld framleis, og NMS set i gang nye hjelpetiltak. Eit godt døme på det er Mangarano på Madagaskar. Der opna NMS i 1919 ein stor koloni for folk som var råka av lepra (spedalske). Heldigvis blei det utvikla stadig betre medisinar mot sjukdomen, som såleis blei nærautrydda, og i 2015 kunne denne kolonien leggast ned. Men no har den gassisk-lutherske kyrkja (FLM) sett fokus

på ein folkesjukdom som særleg råkar unge menneske; psykiske lidingar. Saman med NMS har dei i år sett i gang ein aksjon for å gjøre Mangarano om til eit senter for hjelp til psykisk sjuke menneske. Gamle bygningar blir restaurerte og nye bygde opp. Her skal det bli oppbygging på meir enn ein måte. Dette er noko vi òg får ta del i når vi samlast til basar laurdag før allehelgensdag. Bli med!

# Friske fråspark

TEKST: HARALD ASKE  
ILLUSTRASJON: ODDVAR ALMENNING

Presten Torp, som i fleire år var i Fjære menighet, går det framleis fleire historier om. Torp kalla kona med det vakre uttrykket «engelen min».

Ein gong kona var borte, fekk Torp besøk av ein i kyrkjelyden. Han var så kjend i huset at han gjekk rett inn. Torp hørde at der kom nokon, og han tenkte det var kona, og ropte: – Er det deg, engelen min?

– Nei, det er no ikkje det, men vi er i same bransjen.

Martin Sandve var ein kjend forkynnar på Jæren. Ein gong sa han:

– Dæ e to med namnet Martin som alle på Jæren kjenne, og dæ e Martin Luther og Martin Sandve.

Ein gong Martin skulle ta toget, gjekk han feil og sette seg på første klasse.

Konduktören som kontrollerte biletten, gjorde han merksam på at dette var første klasse. – Det er godt nok for meg, kom det frå Martin.

Martin var god ven med biskop Fridtjov

Birkeli, og han omtala han som Fridtjov.

Ein god ven iredeset han for dette og ville han skulle seie biskop Birkeli.

– He, svara Martin, – han seie Martin til meg.

Frå Norsk Barneblad 1978 saksar vi desse skrønene:

Ola: – Du er ein stor tosk!

Einar: – Og du er ein endå større.

Faren: – Hysj, guitar! Gløymer de at eg er her?

– Pulsen Dykker slår svært seint. – Det gjer ingen ting. Eg har god tid.

Ei dame kom bort til luka på postkontoret. – Eg sette frimerket på hovudet. Gjer det noko? – Det skulle no helst ha stått på brevet.


– Å, far, om du visste kor høgt eg elskar Beethoven. – Det er fint det. Kan du ikkje be han heim til middag ein dag?

Far: – Kvifor måtte du sitje att på skulen? Per: – Eg visste ikkje kvar Azorane låg.

Far: – Kor ofte har eg ikkje sagt at du må hugse kvar du legg frå deg sakene dine!

Ei litra jente kom bort på grannegarden og fortalte at mora hadde fått tvillingar.

– Det var svært, sa grannekona. – Og kva skal dei heite? – Eg veit ikkje sikkert, svara jenta, – men eg tykte han far mumla noko om «himmel og hav».





Vi hadde eit flott døgn på Nesholmen med konfirmantane.  
Her går dei blindegubb og lyt stole på kvarandre.




I farta, heile dagen og litt natta....

Jakob og fleire sytte for påfyll av vatn under aktivitetsløpet. (OG  
det var opplett fra oven).

## Konfirmasjonsleir på Nesholmen

Vi hadde eit flott døgn med 49 konfirmantar og fleire leiarar på Nesholmen. Vi hadde god mat, fin undervisning, aktivitetsløp og artig underholdningskveld. Leiren vart avslutta med ei innholdsrik gudstjeneste i Gimlestads kyrkje. Her er nokre biletet fra leiren.

Alle foto:  
Kjell-Magne  
Birkelund



Det vart  
ikkje akkurat  
Babels tårn, men  
noko forvirring var  
det i tårnbygginga.  
For egentleg bygde  
dei samhald.



Blindebukk med god leiing av Live, elev fra Nordfjord fhsk.

Kreativ løysing av levering av vatn.






# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:  
 – Kvifor er det så mørkt her?  
 – Fordi pæra har gått.

Har du hørt om høna som hadde fått feber?  
 Ho la berre kokte egg.

## Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie.  
 Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Chiara Bertelli

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Finn 10 språk

I rutenettet gøymer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B





# Barnas



## Prikk til prikk



## Vitsar

– Kva heiter den nye hunden din?  
– Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvífor kan ikkje eg ringe når smultringar?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



## Kryssord



1.

Disippel i  
Johannes 20,26

2.

Engel i Lukas 1,26

Hyllingsrop i  
Markus 11, 9

3.

Dyr i Markus 10,25

4.

Tal i Apostel-  
gjerningane 27,28

6.

Namn på Jesus  
i Matteus 1,23

7.

Frø i 2. Korintarbrev 9,10

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Teikning: Trevor Keen



Sondagsskolen - mer enn du tror



# 1,2,3: KRØØØØLLEEEEEE!

TEKST: MARIANNE BAKKETUN FJELLESTAD

Det var ei skikkelig festgudsteneste i Sandane kyrkje då 4-åringane fekk utdelt kyrkjeboka si. Ei fullsett kyrkje var pynta med ballongar, 4-åringane var pynta med kruner – og fleire av dei hadde også pynta seg med Superhelt-kostymer.

Flinke 4-åringar hjalp til å åpne skattekista der dei fann eit hjerte, ei bjelle og ein sau.

Trusopplærar Simona fortalte om gjetaren som forlot 99 sauer for å finne den eine bortkomne. Gjetaren fann sauene, tok han med heim og gleda seg saman med vene og naboar. Barna blei spurt

om dei har mista noko. Ein hadde mista ei tann. Andre hadde mista ting dei hadde funne att. Det kan vere trist og kjedelig å miste, men så blir ein veldig glad når ein finn det att.

Simona er over gjennomsnittet glad i saue-kosebamsar. Då 4-åringane hadde samling i kyrkja på laurdagen, hadde ho tatt med alle dei 23 sauene sine. Men, søndagsmorgen var ein vekke! Kvar var det blitt av Krølle, sauene som alltid hjelper til når babyane møtes til babysong?

4-åringane blei utfordra på å leite både rundt seg i rommet og under stolane dei

sat på. Men ingen fann Krølle.

Simona talde til 3, og i kor ropte alle: KRØØØØLLEEEEEE! Etter andre rop hørte vi ei bjelle, og ein konfirmant kom med Krølle. Hurra! Gud er akkurat som gjetaren som leita etter den bortkomne sauene. Om vi kjem bort frå Gud, vil han leite etter oss. Han lyttar etter hjartet vårt som slår – det er som vår vesle bjelle.

Etter den fine gudstenesta var det Kickoff for barne-og ungdomstiltaka i kyrkja med ulike aktivitetar både ute og inne, samt nydeleg kyrkjekaffi!





# Kvardagsmesse med bruksanvisning

KFUK-KFUM OG KYRKJA I GLOPPEN

Av og til kan det vere skikkeleg fint å gå på gudsteneste på ein aldeles vanleg kvardag. Onsdag 30. oktober klokka 20.00 inviterer vi til kvardagsmesse i Sandane kyrkje. Dette er ei kort og enkel gudsteneste med mykje fin song og musikk, nokre små kveldstankar i staden for preike, og så blir det ei enkel bønevandring. Etterpå er det kveldsmat til alle.

Vi håpar at denne gudstenesta kan passe dei fleste. Både for deg som går ofte til kyrkje, for deg som er innom ei kyrkje av og til, og for deg som aldri har vore på ei gudsteneste.

For at det ikkje skal vere feige lag, der nokon veit mykje meir enn andre, så har vi laga ei bruksanvisning til denne gudstenesta. Versågod og velkommen!

- Når du kjem, blir du ynskt velkommen og får eit program-ark med alle songane på.
- Du går inn i kyrkja og finn deg ein plass å sitte. Du kan sitte framme eller bak eller midt i, alt etter kva som passar deg best.
- Denne kvelden blir det litt nye songar og litt gamle salmar. Det er musikarar og forsongrarar som leier allsongen, du

blir med i songen om du vil, eller du kan høre på.

- Når det er bønevandring, brukar vi nes-ten heile kyrkjerommet. Då har vi laga til nokre postar du kan gå til, du kan for eksempel tenne lys, eller du kan legge ein Stein i klagemuren. På alle postane står det ein tekst som forklarar kva du kan gjere. Lengst bak i kyrkja kan du gå til forbøn om du ynskjer det. Der kjem det til å sitte ein person i kvart hjørne, og du kan gå bort til ein av dei. Der kan du sette deg ned, og så vil denne personen be for deg. Du kan seie viss du



har noko spesielt du ynskjer at dei skal  
be for, eller du kan seie at du ikkje har  
noko spesielt bøneemne. Under bøne-  
vandringa er det musikk og allsong.

- Du skal kjenne deg fri til å bli med på  
det du vil i denne gudstenesta. Om du  
har lyst til å gå til ein eller to eller alle  
postane i bønevandringa, så gjer du  
det, men om du berre har lyst til å sitte  
i ro, så gjer du det. Mange blir stressa  
av å tenke «alle ser kva eg gjer». Men  
faktum er nok at dei fleste har nok med  
seg sjølve, og ikkje er så veldig opptek-  
ne av å sjå kva andre gjer.

- Kyrkja er di, du har din plass der, og vi  
kjem alle som vi er. Gud kallar oss barn,  
og det må vi utnytte. For det betyr at vi  
har lov til å vere litt klønete og usikre, vi  
kan prøve ting for første gong, vi kan sjå  
korleis ting fungerer, og så kan vi etter  
kvart prøve sjølve.

Vi gleder oss til kvardagsmesse og håpar  
å sjå deg der!

Lovsongsgruppa inviterer til

# Adventsnattiné

VELKOMEN TIL ALLSONG,  
MUSIKK OG ORD TIL  
ETTERTANKE.

Søndag 08.12.24  
kl. 20.00 i Sandane kyrkje



# Bibelstativ i Vereide kyrkje

TEKST: GEIR LIAVÅG STRAND  
ILLUSTRASJON: ODDVAR ALMENNING

Vereide kyrkje har ein Olavsbibel. Den har fram til no vore plassert på prekestolen. Prestane og kyrkjegjengjarane har meint at dette er ein for anonym plassering for ein flott bibel. Soknepresten utfordra Oddvar Almenning til å lage ei skisse av eit stativ til Olavsbibelen og eit forslag til kvar dette bibelstativet burde plasserast i kyrkja.

I vår fekk Gloppen sokneråd skissene frå Oddvar Allmenning til korleis bibelen kan kome meir til sin rett i kyrkja. Oddvar kom med fleire alternativ. Eit med eit enkelt stativ tilpassa og plassert i kyrkjebenkane, eit med eit litt meir forseggjort stativ plassert bak i kyrkja. Soknerådet har behandla saka i fleire omgangar og har valt ei løysing med eit bibelstav plassert bak i kyrkja, til høgre når du kjem inn fra våpenhuset. Vidare ønskjer soknerådet eit stativ laga av tre og gjerne med den same grøne grunnfargen som kyrkjebenkane har. Det er biskopen som formelt godkjenner stativet og kvar det skal plasserast i kyrkja. Saka har vore uformelt diskutert med biskopen som kunne fortelje at Nidarosdomen også har eit bibelstav. Biskopen meinte at soknerådet kunne jobbe vidare med saka.

Bibelstativet (sjå teikning) er tenkt som eit levande møbel i kyrkerommet. Hovuddelen vert ein monter der Olavsbibelen er oppslått på dagens tekst. Over monteren vert det ein haldar av glas med foto av tekstilar frå kyrkja og med ei plate

som viser liturgisk farge. Plata skal alltid vise rett liturgisk farge. Det er ikkje tenkt at fargen vert endra ved andre kyrkjelege handlinga som gravferd eller bryllaup. Under monteren vert det to plater med biletar av lesepult-kledet.

Med ei slik løysing håper Gloppen sokneråd at Vereidskyrkja sin Olavsbibel får ein fast plassering og at den vakre bibelen vert synleg for alle kyrkjegjengjarane. Vidare håper vi at dei som går i kyrkja gjennom det nye bibelstativet får eit naturleg forhold til dei liturgiske fargane og korleis desse skiftar gjennom kyrkjeåret.

Status for arbeidet nett no er at Oddvar er i ferd med å fullføre teikningane. Desse skal så sendast tenesteveg til biskopen for godkjenning. Soknerådet arbeider vidare med finansiering og har som mål at det nye bibelstativet er på plass i kyrkja til det nye kyrkjeåret tek til.

Kyrkjebladet kjem tilbake til saka i ei seinare utgåve både med biletar av bibelstativet og reportasje om innviing og bruk.

Lyshaldarane kan svingast inn på baksida så dei ikkje syner. Berre i særlege tilfelle blir stativet brukt med lys.

Dei liturgiske fargane blir viste som avfotograferingar av tekstilar som finst i kyrkja. Illustrasjonen er ikkje 100% nøyaktig, men er meint å gje ein ide om korleis det kan sjå ut.



# Så enkelt er det

FOR REDAKSJONEN: HARALD ASKE

Peder Morset var lærar og kyrkjesonagar i bygda Selbu. Han hadde sju søner, og garden dei dreiv vart eit sentrum for motstandsrørsla under krigen, like til Gestapo i 1943 slo til på garden. Peder Morset og eine sonen kom seg i snøstormen opp i fjellet, og fleire hundre godt trenar SS-soldatar vart sett inn i ettersøkinga. Peder Morset og sonen Helge vart fanga, medan dei andre sönene kom seg over til Sverige. Peder vart dømd til døden 4. mai 1943. På forunderleg måte fekk han under heile fangenskapet smugla ut brev. I eit brev til kona skreiv han:

\*

Kjære Marit.

Dette er kanskje den siste helsinga til deg frå meg. Eg sit no saman med 10 andre som også har dødsdomar på seg. Med meg er det så bra som det kan vera, og eg trur eg får ha dette motet så lenge livet varer. Eg vil takke deg, Marit, og gutane våre for alt. Ord er for fattige til å tolke det som no – meir enn nokon gong – rører seg i meg. Meir enn herleg hadde eg det saman med alle dokk. Eg er stolt av dokk alle og ber om at de tilgjev det som har vor mindre godt frå mi side, og for det som eg har forsømt.

Endå ein ting bed eg om: Legg ikkje

noka skuld på deg, Marit. Du var så snar til det mange gonger. Lat heller ingen av gutane våre gjere det. Det som har vore leitt mellom oss, Marit, det har eg gløymt. Eg freistar no – eg har så god tid – å huse noko. Men alt ligg i skodde. Difor stig du fram som den store, varmhjarta, strevande kone og mor, og i eit herleg ljós. Nest Gud gjev eg deg æra for alt som vart utretta for oss i heimen.

Reis hovudet, kjære kone, og gå til vår felles Far, slik som du, då du var lita, gjekk til din jordiske far. Så enkelt er det! Han vil gje deg kraft og glede i den sorga som du no lyt bera. Me skal møtast att, Marit. Oddmund gjekk først, så eg, så kjem ein om senn til me er nådd dit der korkje krig eller anna vondt kan nå. Eg ville så gjerne få ta striden opp for deg, Marit, men Gud råder.

Farvel alle, alle mine. Gud signar dokk, ver viss på det. Vel møtt. Helsing FAR.

\*

Det er Nils-Tore Andersen som i boka «Tantene og Vårherre» (Lunde forlag) har formidla dette brevet. Grunnen til at vi tek det med i Kyrkjebladet, er den trygge vona Peder har i ein så vanskeleg situasjon. Kanskje vi gjer ting for vanskeleg?

Vi har sikkert litt å lære. Du kan lese meir om Morset-familien i boka til Per Hansson: «Og tok de enn vårt liv» – spennande lesnad.



Peder Morset var ein norsk lærar, gardbrukar og motstandsmann frå Selbu i Trøndelag. Etter først å ha delteke i lærarane sin motstandskamp under 2. verdskrig, vart han og fleire av sönene hans med i flyktning- og kurertrafikken i Neadalstraktene. Morset vart teken av tyske soldatar i byrjinga av mars 1943 under flukt til Sverige og vart avretta på Kristiansten festning den 19. mai same året. Kjelde: Store norske leksikon

# Helsing frå kyrkjesesekretæren

Harald Aske har blada seg 50 år attende i tida og funne fram ei viktig hending for kyrkjelyden: Tilsetjinga av kyrkjelydssekretær. Kanskje kan her vere tankar fleire bør ta med seg om kor viktig det er med kristent barne- og ungdomsarbeid, og la seg engasjere. Her er fokus mest på barnegrupper, men Pedersen engasjerte seg også sterkt i ungdomsarbeid. I kyrkjeblad nr. 8, som kom ut i oktober 1974, skreiv kyrkjesesekretær Inge Pedersen:

**D**et har etter kvart synt seg at oppgåvene i arbeidet rundt om i kyrkjelydane våre vert fleire og fleire. Og det har vist seg at det ikkje er mogeleg for prestane våre, trass i god hjelp frå frivillige arbeidarar, å vinne over dei mange arbeidsoppgåvene som melder seg.


For å bøte litt på den krisa som har oppstått, har kyrkja sett sitt ansvar, og for å prøve å rette opp litt av det forsømde, blei det for nokre år sidan (1967) starta eit menighetsseminar for å utdanne unge kristne til aktivt å ta del i kyrkjelydsarbeidet.

Det begynte med eit seminar i Oslo, men det er utvida til å gjelde fem seminar fordelte rundt om i landet – med ca. 70–80 elevar.

Eg er så heldig å ha fått gå på eitt av desse kursa. Det har gitt meg eit heilt nytt syn på kyrkjelydsarbeidet. Det har synt meg korleis ein kyrkjelyd kan fungere. Ein av dei viktigaste føresetnadane for at kyrkjelyden skal fungere og vere ein levande kyrkjelyd, er at kvar einskild kristen tek aktivt del i det kristne arbeidet. Det er ikkje mogeleg at berre prestane og ein del frivillige skal ta ansvar for alt som skal gjerast.

Då eg var ferdig med kurset på Menighetsfakultetet, var eg ikkje i tvil om kvar min plass var. Eg var blitt viss på at min plass var kyrkjelydsarbeidet. Og slik gjekk det til at eg kom til Sandane.

Eg har snart vore her i to månader no, og de spør kanskje dykk sjølve: «Kva har han gjort på i denne tida?» Det meste av tida har eg gått rundt og orientert meg om kva som er i gang av kristent arbeid her i kyrkjelyden og har vitja ein del organisasjonar og lag. Eg tykkjer det er fantastisk mykje kristent arbeid i gang her, men vi må ikkje slå oss til ro med det, for det



Kyrkjsekretær Helge Pedersen, flankert av prost Johnny Bakke og formannen i Vereide sokneråd, Dagfinn Aasen.

er òg mykje som bør gjerast. Då eg er kyrkja sin arbeidar, kjem eg fyrst og fremst til å konsentrere meg om å skape kontakt mellom kyrkja og heimane, og kjem av den grunn til å drive med oppsökjande verksemd.

No held eg på med å setje i gang ein del barnegrupper. Desse barnegruppene vert plasserte rundt om i heimane til leiaraane, fordelt på fleire stader i kyrkjelyden. Eg ser det som særstakt viktig å kome med tilbod til dei aller minste, born frå 4 til 7 år. Skal vi kunne dekke heile kyrkjelyden med slike barnegrupper (8–10 born i kvar

gruppe), må vi ha fleire frivillige leiarar som kan vere med og om mogeleg stille heimane til disposisjon ein gong kvar fjortande dag.

På lang sikt satsar vi på å ha tilbod til alle aldersgrupper, og difor er det svært viktig at vi alle går inn for aktivt å ta del i dette arbeidet. Vi må ikkje verte stogga av mangel på hjelparar.

Så vonar eg at vi får eit godt samarbeid med dykk alle. At vi i fellesskap arbeider for dette eine – å vinne sjeler for Kristus. Vi må be Gud om kraft og styrke og vegleiing i vårt arbeid. Måtte Gud få bruke

oss slik som Han ynskjer det. La oss gå i forbøn for kyrkjelyden vår. La oss be om at det må vere ein levande kyrkjelyd – ein kyrkjelyd der Gud står i sentrum.



# Der ingen skulle tru at nokon kunne bu

Ein førjulskonsert om livet på veglause gardar i Nordfjord

Ensemble Nordlys er eit prosjekt-ensemble sett saman av musikarar frå eller med tilknyting til Gloppen. Musikarane har i ei årrekke spelt i lag i ulike samanhengar og no funne saman i eit mindre ensemble. I denne konserten vil Oddgeir Bruaset fortelje historier frå Nordfjord frå sine to bøker «På fjellhylle og havstrand – livet på veglause gardar» og «Jul, der ingen skulle tru at nokon kunne bu». Ensemble NordLys vil saman med Arne Sølvberg sette musikk til historiene som Oddgeir Bruaset fortel, som også blir illustrerte ved bilete vist på storskjerm.

Oddgeir Bruaset er i dag ein svært aktiv pensjonist som er kjend for dei fleste som både journalist, programleiar og

forfattar. I 1971 starta han å arbeide for NRK Møre og Romsdal, og har jobba for NRK heilt til han i 2014 gjekk av med pensjon. Oddgeir Bruaset har vunne ei rekke priser, mellom andre Sunnmørsprisen i 1991, Kringkastingsprisen 1993 og Fylkeskulturprisen i Møre og Romsdal i 1999. I 2003 fekk han Alf Helleviks mediemålpris for målföringa si i «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu».

I 1996 vann Arne M. Sølvberg Spellemannprisen i klassa Folkemusikk/Gammaldans for plata Nordfjordslåttar. I 1994 fekk han Stryn kommune sin kulturpris. I 1990 vart han nominert til Spellemannprisen 1990 for plata Syngjande strenger saman med gitaristen Øyvind Lyslo, som også er med i Ensemble NordLys.

Oddgeir Bruaset: forteljar

Arne M. Sølvberg: fele og hardingfele

Øyvind Lyslo: gitar

Synnøve Nordvik: song

Håvard Nordvik: trompet og flygelhorn

Dorothee Raschwitz: piano og orgel

Jakob Leiv Kroken: kontrabass og elbass

Thomas Aanonlie: perkusjon og melodisk slagverk

Øystein Eide: Lyd&Lys – teknisk

Vereide kyrkje 8. november kl. 19.00-21.00

Billetter kan kjøpast på [www.hoopla.no](http://www.hoopla.no)

eller på Facebook-sida til Ensemble NordLys.



# Konsert med Carl Petter Opsahl og Nordfjord prosjektkor med band

## – jazz og gospel frå New Orleans

Nordfjord prosjektkor er eit pop-up-kor for alle som likar å synge. Koret bevegar seg innan ulike sjangrar innanfor kristen musikk, med hovudvekt på gospel. Det har hatt fleire prosjekt over mange år. Koret vert akkompagnert av desse musikarane: Morten Leirgul, piano, Vegard Tennebø, gitarar, Jakob Leiv Kroken, bassar og Jørn Moen, slagverk. Nordfjord prosjektkor arrangerer denne gongen konsert saman med klarinettisten Carl Petter Opsahl.

Som musikar er Carl Petter ein merittert klarinettist med mange prosjekt på gang. Han spelar mellom anna i Caledonia Jazzband og har spelt inn både jazzmusikk og folkemusikk. Carl Petter er open når det gjeld alle typar musikk. Han seier sjølv: "Music for life er mitt

motto. Musikken jeg skriver og spiller er inspirert av livet, samtidig som musikken er mitt liv. Musikk er avkobling, lek, et eksistensielt frirom – men også dypt alvor, noe av det mest umistelige i mitt liv." Han har budd i USA og er æresborgar av New Orleans. Difor kjenner han svært godt til jazzmusikk og gospel.

For mange år sidan var han i Gloppe og spelte og leia "Blå messe" i Sandane kyrkje, noko som vart ein stor suksess. Nok kjem han til Gloppe på nytt, øver saman med Nordfjord prosjektkor med band den første helga i november og framfører musikken i Vereide kyrkje søndag 3. november kl. 18. Velkomne til ein gospeljazzig og spennande konsert med eit fyrverkeri av ein musikar frå Oslo!

Arrangør: Nordfjord folkehøgskule

Dato: søndag 3. november 2024

Tid: 18:00–19:30

Stad: Vereide kyrkje



NARVE EIMHJELLEN

# Du som låg i natti seine

Eg vart utfordra av Oddvar Almenning til å velje min salme. Mitt namn er Narve Eimhjellen, gift med Kari og har 5 born. Har vore bonde i Eimhjella.

Fyrste tida frå 1974 med mjølkeproduksjon og kylling. I 2013 vart mjølkekvoten seld. No er vi i samdrift, mest i namnet, med svigersonen, og har ammekyr. I 1998 vart det slutt på kyllingproduksjonen, og eg ominnreiddet huset til snikkarverkstaden der eg lagar glas, dører, reparerer gamle ting og diverse. Som pensjonist har eg mykje glede og nytte av det. No gleder vi oss til at eit barnebarn med familie kjem og overtek og vil bu her.

Tidlegare hadde vi Vestre Hyen Musikklag der eg var med. Vi song på møte og basarar. Vi hadde mange fine songar til vekking, trøyst og glede. Vi hadde øving kvar 14. dag i vinterhalvåret rundt om i heimane. Når eg tenkjer tilbake, så var det

viktig, ikkje berre for songen og tilhøyrarane, men og for kvar og ein av oss songarane og trua vår.

I kyrkja er tale og liturgi viktig. God song med mykje folk i kyrkja er òg med på å gjere gudstenesta til ei feststund. Håpar vi ofte kan fylle Hyekyrkja med god samsong, som er ein viktig skatt å take vare på.

Når eg no skal velje min salme, får eg seie som kjerringa då ho sat og bladde i salmeboka, sukka og sa: "Her er mykje som skulle vore songje." Mitt salmeval blir Jakob Sande sin påskesalme nr. 138 i salmeboka. Påskesalme no om hausten, men frelsesverket er likevel ikkje berre i påska vi skal ha med oss. Fred Ove Reksten har ei innspeling av songen med ein fin tone. Spesielt siste verset i songen til Jakob Sande gjer eg òg til mi bøn.

Eg leverer stafettpinnen vidare til Terje Holme.

*Du som låg i natti seine  
sorgtygd, vanvord og åleine,  
skjelvande på såre kne,  
du som skåli trufast tømde  
medan alle dine rømde,  
stridsmann frå Getsemane!*

*Du som spotta vart og banna,  
kront med klungerkrans om panna,  
medan augo brann i sorg,  
du som stod i namnlaus pine,  
skild frå dei du kalla dine,  
einsam i Pilati borg!*

*Du som hekk til krossen nagla,  
medan blodut sveitte hagla  
frå di panne då du sa:  
«Fader, kvifor gjekk du frå meg!»  
Å, lat nådens blodstraum nå meg,  
offerlam frå Golgata!*

*Lær mi sjel kor du laut lida,  
syn meg såret ditt i sida,  
styrk og nær mi veike tru.  
Syn meg dine merkte hender,  
så eg frelst mitt auga vender  
opp til deg på krossen, du.*



STEINAR SALTBONES

# Den levende Gud

Mange steder i Bibelen finner vi uttrykket Den levende Gud. Noen bibeltekster bruker det som kontrast til avgudene andre folk holder seg til. Den Gud Bibelen peker på er Den levende Gud. Han trenger ikke bæres omkring, Han går selv. Andre tekster bruker begrepet for å si noe mer kvalitativt om hvem Gud er. Her er det mange innfallsvinkler man kunne valgt og jeg har valgt ut fem.

## RELASJON

Salme 42,3: *Min sjel tørster etter Gud, etter den levende Gud. Når skal jeg få komme fram for Guds ansikt?*

Salme 36,10: *For hos deg er livets kilde, i ditt lys ser vi lys.*

Troen på Den levende Gud innebærer en relasjon. Troen er ikke først og fremst rettet mot noe, men dypest sett mot noen. En person det går an å være sammen med, prate med og lene seg på. Denne noen er den som har skapt deg, som elsker deg mer enn du trodde var mulig og som har gått i døden for deg.

## ENGASJEMENT

Jer 10,10: *Men Herren er den sanne Gud, den levende Gud, den evige konge.*

Jes 9, 6-7: *For et barn er oss født, en sønn er oss gitt. (...) Herren over hærskarene skal gjøre dette i sin brennende iver.*

Den levende Gud innebærer også et engasjement, for verden, for fellesskapet, for den enkelte. I fortellingen om Emmausvandrerne møter Jesus dem på veien fra Jerusalem og spør: «Hva er det dere går og snakker så ivrig om?» Han engasjerer seg i våre liv. Hva er vi opptatt av, hva bærer vi på i dag? Gud vet det antakeligvis allerede, men det er veldig bra for oss å sette ord på det til noen som kjenner oss ut og inn – og som elsker oss likevel.

I Jesaja 9, en av profetiene knyttet til Jesu komme, står det om Fredsfyrsten og hvordan det kommer til å arte seg når Han står ved makten. Vi får innsikt i Guds plan for å berge verden og menneskene som bor i den. Det står at Gud gjør det i sin brennende iver. Ikke fordi han må, men fordi han vil. Han vil inderlig at verden og menneskene skal frelses og forsones med Ham.

## JESUS

Matt 16,16: *Da svarte Simon Peter: «Du er Den salvede, den levende Guds Sønn.»*

Gud er levende på mange måter som vi både ser og ikke ser. Men det er enormt tillitsvekkende og troverdig – og helt sprøtt - at Gud ble menneske og at Jesus vandret omkring her på jorden og måtte forholde seg til en del av de samme kår som alle mennesker. Han er levende også på den måten.

## JESUS LEVER

1.Tim 4,10: *For vi har satt vårt håp til den levende Gud, som er frelsjer for alle mennesker, særlig for de troende.*

“Noen sier at Gud er død, men Han var ikke syk engang da jeg snakket med Ham i dag tidlig.” skrev en venn av meg på sitt russekort for 20 år siden. Jesus overvant det evige mørket da Han stod opp igjen fra de døde etter å ha blitt korsfestet på Golgata. I nyhetsbildet leser vi om mye mørkt, og mange ser mye mørke tett på seg eller sine nærmeste, eller kanskje til og med i seg selv. Jesus har møtt det mørkeste et menneske kan møte og overvunnet det. Og Han, Den levende Gud, har invitert oss til å ta imot det nye livet.

## ETTERFØLGELSE OG VANDRING

Hebr 9,14: *Hvor mye mer skal ikke da Kristi blod rense samvittigheten vår fra døde gjerninger, så vi kan tjene den levende Gud. For Kristus har i kraft av en evig Ånd båret seg selv fram som et feilfritt offer for Gud.*

Apg 17,28: *For det er i ham vi lever, beveger oss og er til.*

Jeg blir stadig fascinert når jeg leser om når Jesus kaller sine disipler. Flere ganger sier Han bare “Følg meg!”. Ingen opptaksprøve som markerer slutten på noe og en statisk tilstand. Men en oppfordring som betyr begynnelsen på en reise som det er umulig å forutsi hvordan blir – men man kan anta at man vil komme til å bli veldig godt kjent med reisefølget sitt i de motbakker og flytsoner som møter. En levende vandring med Den levende Gud.

# REMA 1000

FLOTRE  
**MASKIN A/S**  
6826 Byrkjelo - tlf. 906 84 913 - 578 66 000

Når service og kunnskap betyr noe  
**DATA INSTITUTTET**  
www.datainstituttet.no

*Sandane Tekstil og Interiør*

SENETØY - GARDINER - UNDERTØY - KLÆR

**FRYDENBØ**  
BILSENTER

b d huset

KULTUR & SELSKAP  
BREIM

**X EXTRA**

  
**NORDFJORD**  
folkehøgskule

Eit unikt  
forsamlingslokale!

bduhuset.no

Ledig plass

Ryssdal kraft

**TRUCKNOR**  
SØGN OG FJORDANE 

 **VEREIDE**  
BLOMSTER<sup>AS</sup>  
Blomster og hagesenter  
telefon 57 86 51 07

*Nordfjord Laks as*

**TAXI**  
BYRKJELO  
TLF: 995 24 247

  
Trav  
Avl  
Turridning  
Stallutleie  
Salg av hestefor  
Turisme

**MØBELRINGEN**

**FIRDA ELEKTRO**

  
**DEKKSERVÍCE**  
BREIM  
Tlf: 901 24 701 / 915 94 885  
www.dekkservicebreim.no

**Sandane**  
GRAVFERDSBYRÅ

NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god møte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiring og praktisk hjelpe i planlegging av gravferda.  
Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

  
**BYGGtorget**  
BYGGEVAREN BYRKJELO AS  
Tlf. 57 02 01 60 / Mob. 908 90 791  
Gamlevegen 2 - 6826 BYRKJELO






**OLAV HJELMESET A.S.**  
6823 Sandane  
Tlf. 91 37 26 49  
GRAVING - SPRENGING - TRANSPORT

**EIDE SANDTAK A.S.**  
6823 SANDANE - TLF. 41 76 71 33

**HJELMESET BETONG AS**  
TLF 57 86 63 60

**BUNNPRIS**



**Tystad Blomster**  
Tlf 57 86 63 90 6823 SANDANE

- KONFIRMASJON
- BRYLLAUP
- GRAVFERD
- KVARDAG OG FEST

*Velkommen innom!*



Skjerdal Kraft AS

**NAKKESKADE**

[www.firdafysmed.no](http://www.firdafysmed.no)



**BRØDRENE AA**



**BOLSETH GLASS**

 **LOTE ELEKTRO**

Tannlege  
Øyvind Seim  
Tlf. 57 86 50 24

 **RINGGO**

**norli**

 **kontorspar**  
Sandane

LEIKER - BOKHANDEL - KONTORREKVISA

**Ope 10-18 (15)**

  
Norlisandane

  
**Olav Eikenæs**  
BOK OG PAPIR AS  
*I sentrum siden 1915*

Nordstrandsvegen 10  
6823 Sandane  
Tlf. 57 88 44 10  
sandane@norli.no  
[www.norli.no](http://www.norli.no)

## DØYPTE

### GIMMESTAD

08.09.2024

#### JOHAN SKAADEN

ELIN MARIE RYGG

BJARTE SKAADEN

Gisle Skaaden

Vidar Apalset

Laila Karin Solheim

Janne Akse

29.09.2024

#### TIRIL SIVERTSEN TORVANGER

INGRID TORVANGER

LARS JOHAN SIVERTSEN

Torgeir Apalset

Håvard Magnus Torvanger

Martin Sivertsen

06.10.2024

#### IBEN MYKLEBUST HUUS

EDEL HUUS

KJETIL MYKLEBUST

Ingmar Sægrov

Vegard Sunde

Trine Riise Steiro

Renate Tveisme

### HYEN

15.09.2024

#### JENNY NORDAL ANDESTAD

ANDRINE ANDESTAD

MIKAEL NORDAL

Vidar Andestad

Markus Andestad

Lindis Agledal Nordal

Leander Agledal Nordal

## VIGDE

### VEREIDE KYRKJE

07.09.2024

Reidun Onstad Aasen og Bjørnar Kaale

## GRAVFERD

### VEREIDE

Anders Ola Austrheim	16.10.1955	09.08.2024	21.08.2024
Magnus Bolseth	25.11.1928	13.08.2024	23.08.2024
Kåre Atle Vereide	13.05.1934	29.08.2024	05.09.2024
Aksel Midtkandal	21.12.1940	06.09.2024	13.09.2024
Brita Åshild Devik	10.12.1930	08.09.2024	18.09.2024

### BREIM

Martin Seime	29.03.1943	25.08.2024	30.08.2024
--------------	------------	------------	------------

# Aktivitetar og andre hendingar

## BABYSONG

For babyar frå ca. 1 md. og til ca. 1 år med følgje. Onsdagar partalsveker i Sandane kyrkje kl. 11.00. Matpakkelunsj kl. 12. Vi serverer kaffi og te. På Facebook: Babysong i Gloppe

## SMÅBARNSTREFF

Samlingsstund med song, rim og rytme for barn frå 1-4 år med følge. Felles fruktstund saman med barnegospel. Sandane kyrkje kl 17.00-18.00 ein tysdag i månaden; 15.oktober, 12.november og 10.desember. På Facebook: Småbarnstreff i Sandane kyrkje

## SANDANE BARNEGOSPEL

For barn 4–10 år. Sandane kyrkje kl. 17.00-18.00 i partalsveker.  
På Facebook: Sandane barnegospel

## OPE HUS

For ungdomsskuleelevar. Sandane kyrkje måndagar kl. 19.30–21.30.

## VEREIDE SØNDAGSSKULE

For barn 0 – 12 år. Bygdehuset Haugtun på Vereide søndagar kl. 11.00 – 12.15. Datoar: 27. oktober, 10.november, 24. november, 8.desember. 27. desember: Julefest på Nordfjord fhs. På Facebook: Vereide søndagsskule

## SANDANE SOUL CHILDREN

For alle mellom 10-16 år som er glade i å synge. Øving kvar torsdag på Sandane bedehus kl. 18.30-20.00. Kontakt: Emilie Brunstad, tlf. 406 37 032. På Facebook: Sandane Soulchildren 2024

## VEREIDE KYRKJEKOR

Øving kvar torsdag i Sandane kyrkje kl. 19.00–21.00. På Facebook: Vereide kyrkjekor

## SAMTALE OM SØNDAGENS BIBELTEKST OG SALMESONG

Annankvar mandag kl. 10.00 i Sandane kyrkje. Olav Eikenæs og Harald Aske leier dei fleste samlingane. Samlingane vert annonser i Firda Tidend og på heimesida.

## SORGGRUPPE

Tilbod til alle som har mista nærståande person. Påmelding fortløpande. Meir info på heimesida. Kontakt Ingebjørg diakon: Tlf. 966 18 048.

## GLOPPEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

Åsavegen 130, 6823 Sandane  
57 86 56 16  
post@gloppen.kyrkja.no

## GLOPPEN SOKN

Leiar i soknerådet: Berit Aasebø Hauge  
934 99 289  
gloppen.sokn@gloppen.kyrkja.no

## BREIM SOKN

Leiar i soknerådet: Aslak Johnsen,  
905 39 237  
breim.sokn@gloppen.kyrkja.no

## HYEN SOKN

Leiar i soknerådet: Elias Eimhjellen  
91 75 68 79  
hyen.sokn@gloppen.kyrkja.no

## Sokneprest i Gloppe sokn

Vidar Bjotveit, 958 80 030  
vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

## Sokneprest i Breim og Hyen sokn

Tore Myklebust, 456 01 260  
tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

## Kyrkjeverje

Audun Mundal, 911 77 823  
audun.mundal@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

## Administrasjonssekretær

Marianne Bakketun Fjellestad  
402 80 027  
mbf@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor  
Kontortid: tysdag - torsdag 9-15

## Kantor

Dorothee Raschwitz  
970 99 288  
dorothee@gloppen.kyrkja.no

## Organist

Janne Øisang Grinaker, 920 25 472  
janne.grinaker@hotmail.com

## Kyrkjelydspedagog

Simona Fraas Johnsen, 909 64 941  
simona.johnsen@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

## Diakon

Ingebjørg Isane Fure, 966 18 048  
ingebjorg.fure@gloppen.kyrkja.no  
Kontorstad: Sandane kyrkjekontor

## Kyrkjetenar

Benny Aasen, 950 22 917  
bv-aasen@online.no

## Gravar/ kyrkjegardsarbeidar

Olav Bjørn Tystad, 977 21 662  
olav.tystad@gloppen.kyrkja.no



# Vi møtest i kyrkja

Sjå Firda Tidend, heimeside og Facebook for utfyllende informasjon.

<b>19. oktober</b>	18.00	Hyen	Konsert i samband med konfirmantjubileum.
<b>20. oktober</b> 22. søndag i treeiningstida Joh 12, 35-36	10.30/ 11.00	Sandane	Gudsteneste med nattverd. Johnn Hardang er predikant. Takkoffer til TV-aksjonen. Lovsangssgruppa inviterer til lovsangsstund og bidreg i gudstenesta.
	11.00	Hyen	Konfirmantjubileum. Takkoffer til Nesholmen. Kyrkjekaffi.
	19.00	Breim	Tomasmesse med nattverd. Takkoffer til Stefanusalliansen
<b>27. oktober</b> Bots- og bededag Luk 18,9-14	11.00	Vereide	Generasjonsgudsteneste. Barnegospel syng. Takkoffer til Nordfjord folkehøgskule. Elevar fra skulen deltek.
	19.30	Sandane	Felleskyrkjeleg bøn.
<b>30. oktober</b>	20.00	Sandane	Kveldagsmesse i samarbeid med KFUK-KFUM. Kveldsmat i festsalen etterpå.
<b>2. november</b> Matt 5,13-16	16.00	Gimmestad	Minnegudsteneste. Vi minnest dei døde det siste året i Gloppe sokn.  Merk: Gudstenesta er laurdag.
<b>3. november</b> Helgemessesøndag Matt 5,13-16	11.00	Hyen	Minnegudsteneste. Vi minnest dei døde det siste året i Hyen sokn.
	11.00	Vereide	Helgemessegudsteneste. Kyrkjekoret deltek. Takkoffer til diakoniarbeidet.
	16.00	Breim	Minnegudsteneste. Vi minnest dei døde det siste året i Breim sokn. Kyrkjekaffi
	18.00	Vereide	Konsert med Carl Petter Opsahl og Nordfjord prosjektkor med band: jazz og gospel frå New Orleans. Andakt.
<b>7. november</b>	16.30	Omsorgssenteret	Institusjonsandakt med nattverd.
<b>8. november</b>	18.00	Vereide	Konsert med Ensemble Nordlys: Dorothee Raschwitz, Jakob Leiv Kroken, Oddgeir Bruaset, Arne Sølvberg, Synnøve Nordvik og Øyvind Lyslo.
<b>10. november</b> 25. søndag i treeiningstida Matt 14,22-34	11.00	Vereide	Gudsteneste. Takkoffer til Stefanusalliansen.
<b>17. november</b> 26. søndag i treeiningstida Joh 9,1-7 35b-38	11.00	Breim	Gudsteneste med nattverd. Takkoffer til Sjømannskirken.
	11.00	Vereide	Gudsteneste med LysVaken gjengen. Takkoffer til trusopplæringa i Gloppe.
<b>21. november</b>	11.00	Sandane	Vaffel-HJARTE-tid: sosialt treffpunkt med nysteikte vafler og god stemning, der alle er hjarteleg velkomne.
<b>24. november</b> Siste søndag i kyrkjeåret Matt 25,1-13	11.00	Vereide	Fellesmøte med kyrkjelydane i Gloppe. Vitjing fra Åpne dører.

## AOH stiftelsen

Aud og Olav Hjortesets alminnelige stiftelse

Gjennom Olav Hjorteset si tilknyting til Hyen ynsker stiftar Olav Hjorteset å støtte alle tiltak som kan vere til beste for bygda. Formålet for stiftinga er å gi økonomisk stønad til enkeltpersonar, organisasjonar, lag eller enkelttiltak som kan fremje busetnad, kultur og næringstiltak i Hyen; samt gje eit bidrag til menneske i området som gjennom fysiske funksjonsavgrensingar er komne i ein særleg vanskeleg økonomisk situasjon. Ved søknad eller spørsmål kan ein sende e-post til: arnfibre@online.no. I styret for stiftinga sit Ingebrit Hjorteset, Egil Hjorteset og Arnfinn Brechan.

<b>1. desember</b> 1. søndag i adventstida Matt 21,10–17	11.00	Breim	Gudsteneste med LysVaken gjengen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
	19.00	Gimmestad	Lysmesse. Konfirmantane deltek. Takkoffer til KFUK-KFUM Sogn og Fjordane.
<b>5.desember</b>	18.00	Breim	Julekonsert med Julesong.
<b>8. desember</b> 2. søndag i adventstida Joh 16,21–24	11.00	Vereide	Gudsteneste med nattverd.
	16.00	Hyen	Lysmesse. Konfirmantane deltek.
	19.00	Breim	Lysmesse. Konfirmantane deltek.
	20.00	Sandane	Adventsnettinné med lovsongsgruppa.
<b>15. desember</b> 3. søndag i adventstida Joh 5,31–36	11.00	Sandane	Generasjonsgudsteneste med bønevandring. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Gloppe.
	19.00	Breim	Julekonsert.
<b>20. desember</b>	19.00	Vereide	Julekonsert.
<b>22. desember</b> 4. søndag i adventstida Matt 1,18–25	14.00	Hestenesøyra	Gudsteneste. Kyrkjekaffi.
	16.00	Hyen	Vi syng jula inn.
<b>24. desember</b> Julaftan Luk 2,1–20	13.00	Sandane	Julaftangudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
	14.00	Breim	Julaftangudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
	14.30	Vereide	Julaftangudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
	16.00	Gimmestad	Julaftangudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
<b>25. desember</b> Juledag Joh 1,1–14	12.00	Breim	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
	12.00	Vereide	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
<b>26. desember</b> 2. juledag Joh 16,1–4a	12.00	Gimmestad	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
	12.00	Hyen	Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
<b>31. desember</b> Nyårsaften Matt 11,25–30	23.15	Gimmestad	Midnattsmesse.

# Til hjelp i sorga siden 1978



Vi er her når de treng oss som mest, og hjelper dykk å lage ei personleg, fin og verdig gravferd. Slik de ønskjer. De kan kontakte oss heile døgnet. Vi har teieplikt og kan møtast til samtale på eitt av våre kontor, eller heime hos dykk.

905 50 905 (døgnopen vakttelefon)  
[post@hjelmeland.as](mailto:post@hjelmeland.as)  
[www.hjelmeland.as](http://www.hjelmeland.as)

Nordstrandsvegen 12, 6823 Sandane

*Vi er i Nordfjord – for Nordfjord*



"Haust" av Oddny Grotle Føleide (Akryl, 60 x 40)

Hausten kjem med stille steg,  
Eit teppe av fargar i skog og veg  
Gylne dagar og kveldar i brann,  
Hausten tek oss i si stille hand.

Elva renn med ein mjuk, still sang  
Ber med seg minne frå sommaren lang  
Vindens sus er eit varleg farvel,  
Hausten svinn som eit stille spel

Sjølv i kulden sitt djupe spor,  
Blir det liv når våren gror.  
Så ber vi alle, i vårens kor  
Om fred og kjærleik på denne jord.

Oddny Grotle Føleide